# 2018 ÅRSMELDING OG REKNESKAP

ROGALAND BONDELAG

LOKALMAT

coop

I Norge har vi mange fantastiske råvarer og spennende sesonger. Coop støtter norsk matproduksjon og tilbyr deg flere lokale varer.

# Innhald

Årsmøte Rogaland Bondelag ..... 5
Styret og utval i Rogaland Bondelag ..... 11
Næringspolitiske saker ..... 12
Organisasjonssaker ..... 25
Andre saker ..... 30
Leiarane i lokallaga ..... 35
Medlemsoversikt ..... 36
Rekneskapen 2018 ..... 37

***Framsidebilde:***
*Barnehagebesøk hjå Enok Aleksander Kvam, leiar i Stavanger Bondelag.*

## Helsing frå leiaren:

# Kjære medlemmer og gode kollegaer

Nytt år gir nye muligheter, men òg tid for tilbakeblikk på året som har gått.

Vi legger bak oss et år som begynte med et brak der venstre fikk plass rundt kongens bord. De ville overhode ikke ha med seg pelsdyrbøndene inn i framtida. Vi er ett fylke med mye pelsdyr og vi har jobba med å påvirke der vi kan. Er det greit at ei næring bare kan legges ned? Hva vil da være den neste næringa som må ut? I skrivende stund har også Krf satt seg til forhandlingsbordet med sikte på å komme inn i regjering. Fra å gå fra en situasjon der vi har hatt mulighet til å påvirke stortinget kan vi nå ende med ei flertallsregjering der ting vert avklart i regjering og vår påvirkningsmulighet vert mindre. Jordbruksforhandlingen ligg fortsatt fast og her skal vi kjempe for gode resultat. I 2018 valgte begge faglaga å signere avtalen. Det er sjelden vi er 100% fornøyd, men det var så langt vi kom og mulighetene til å ha ei kollektiv regulering av marked det var viktig for oss. Overproduksjon koster og gir oss produsenter mindre inntektsmuligheter. Noe som sjølvsagt speler inn på bunnlinja til den enkelte.

*Marit Epletveit, leder i Rogaland Bondelag.*

Sommer 2018 vil og vise igjen på bunnlinja til de fleste. Mange har også dette året kjent på utfordringer med å tilpasse seg. I 2017 var manges bekymring korleis komme seg utpå å få hausta de blaute jorda. I år mangla vi nedbør og veksten stagnerte, mange har supplert med innkjøpt for av ulik kvalitet. Årets ord i 2018 vart forkrise, det sier noe om hva mange har stått oppi dette året. Men og at vi faktisk har klart å formidle situasjonen såpass ut i media at folk flest har sett litt hva vi står oppi.

Det er viktig at vi klarer å formidle både utfordringene, men og gleden i yrket vårt. Det er ingen tvil om at færre har kjennskap til dagens landbruk. Vi opplever at stadig flere har ei meining om korleis vi bør drive. Då er det viktig at vi gjør vårt med å formidle jobben som vert gjort og hva som ligger bak maten som vert produsert. Kva som faktisk er praktisk forsvarlig å få til. Derfor har vi de siste to åra valgt å ha stand på Gladmatfestivalen i Stavanger. Her får vi vist fram landbruket på en god måte og synliggjort den viktige rolla landbruket har.

2018 var året da vi igjen mobiliserte mot ny gjødselvareforskrift. I mars var det oversend et dokument fra Landbruks og Miljødirektoratet til Landbruksdepartementet. Vi venter på at det skal komme ut på høring. I skrivende stund har vi ikke noen signaler på når det kommer. Så spørs det då om ordtaket: den som venter på noe godt venter ikke forgjeves gjelder denne gangen Det vi vet er at vi som Rogalandsbønder har alt å tjene på å være i forkant. Det er ingen grunn til å tru at krava blir mildere, derfor bør vi være løsningsorienterte slik at vi klarer overgangen til strammere regelverk uten at det går utover vår evne til å produsere og levere sunn god mat til den norske forbruker. For at vi skal ha et landbruk i heile landet treng vi både store og små: Vi treng de store som sørger for volum og tonnasje inn i næringsmiddelindustrien og vi treng de små som gir lys i de mange grender. Derfor vil handteringa av gjødselforskrifta være avgjørende for oss. La oss dra denne i lag, la oss bruke virkemidla i RMP og SMIL slik at vi er i forkant på lager og biogass. Og la oss dokumentere hva vi tar ut av avling, slik at vi kan dokumentere hva som trengs av næring til plantene for å opprettholde produksjonen. Ord som bærekraftig, miljø og klima vil komme som perler på ei snor framover. Rogaland skal være en av pilotene til å prøve kurset klimasmart landbruk. Jeg gleder meg til å delta. Hva kan vi gjøre på eigen gard for at klima avtrykket skal bli mindre? Vi driver en biologisk produksjon og noe avtrykk vil det alltid bli, men det er spennende å sjå på hva vi kan ta tak i. Jeg håper du og finn det interessant å strekke deg litt lenger for å betre eigen produksjon. Bondelaget vil alltid være med å kjempe for gode rammebetingelser, men det er meg og deg som må sørge for at inntektsmuligheten vert gjort om til reelle inntekter. Håper vi lykkes.

*Mvh Marit Epletveit*
*leder i Rogaland Bondelag*

# Minneord – Svein Helge Harbo

Svein Helge Harbo døyde 10. januar 2019.

Han feira sin 70. årsdag 13. september 2018

Svein Helge var tilsett i Rogaland Bondelag frå februar 1981 til han slutta i oktober 2011. Første tida var han førstekonsulent på kontoret i Stavanger, men frå sommaren 1983 tok han over som organisasjonssjef. Den stillinga hadde han til han gjekk av.

Årsmøtet i Rogaland Bondelag utnemnde han til æresmedlem same året.

Med ei solid utdanning på Landbrukshøgskolen på Ås var Svein Helge godt skikka til oppgåva i Rogaland Bondelag. Arbeidet hans var prega av stor fagleg innsikt, anten det var snakk om agronomi, husdyrfag eller økonomien hjå medlemmane. Med eit svært aktivt landbruksmiljø og stort fokus på produksjon og effektivitet, var dette naudsynt for å fylla oppgåva i Bondelagets største medlemsfylke. I tillegg til det faglege, var organisasjonsarbeidet også ei stor interesse. Balansen mellom dei ulike delane av Rogalandslandbruket er alltid utfordrande, dette greidde Svein Helge på ein svært bra måte. Tillitsvalde med høge forventingar, mange medlemmar og aktive lokallag gjorde at vanleg arbeidstid ikkje alltid strekte til. Han hadde kjennskap til heile fylke som få andre.

Svein Helge var svært klar på landbruk og matproduksjon si store rolle i næringslivet i Rogaland. Dette var han svært tydeleg på i kontakt til forvalting og politikarar. Med si faglege tyngde og gode forankring blant bøndene, hadde samarbeidspartnarar innan offentleg administrasjon og folkevalde stor respekt for Svein Helge.

Kollegaer i Bondelaget, både i Rogaland og på hovudkontoret i Oslo visste at Svein Helge alltid hadde tanke for korleis det gjekk. Kontakten var tett, og informasjonen gjekk godt, begge vegar. Tilnærminga hans var sjeldan «det vil vel helst gå godt», men oftare «det løner seg å vera godt førebudd».




Rogaland Bondelag har mista ein sterk støttespelar og ein god medarbeidar. Vi lyser fred over Svein Helge Harbo sitt minne.

*Tilsette og tillitsvalde i Rogaland Bondelag*

# Referat frå årsmøte i Rogaland Bondelag

Årsmøte blei halde på Ryfylke Fjordhotel i Sand fredag 9. og laurdag 10. mars.

Alle deltakarane blei registrert og ved møtestart var det 74 utsendingar frå 36 lokallag. Frå styret møtte 6 medlemmar, Valbjørg Lode frå Rogaland Bygdekvinnelag hadde meldt forfall. Medlem i rep. skapet i Norges Bondelag, Bertran Trane Skadsem frå Norges Pelsdyralslag og Geir Heggheim frå Norsvin og Arnstein Røyneberg som er medlem i styret for Norges Bondelag. Frå Rogaland Bygdekvinnelag møtte Marianne Jøsang og frå Rogaland Bygdeungdomslag møtte Håkon Goa. Utsendingane på årsmøtet i Norges Bondelag blir invitert på fylkeslaga sine årsmøte. Utsending frå årsmøte i Norges Bondelag og som ikkje møtte som annan utsending til årsmøte i fylkeslaget var Willy Finnbakk.

På laurdag 10. mars var vi 87 røysteføre.

Medlem i styret og arbeidsutvalet i Norges Bondelag Einar Frogner var representant frå Norges Bondelag.

Æresmedlem Svein Helge Harbo deltok.

I tillegg deltok tidlegare leiar i Rogaland Bondelag og nå leiar i jordvernutvalet Ola Andreas Byrkjedal, gjester og representantar frå landbruket sine organisasjonar.

Ordførar i Suldal kommune, Gerd Helen Bø ønska årsmøtet velkommen til Suldal.

Fylkesleiar Marit Epletveit ønska årsmøteutsendingane, æresmedlem og gjester vel møtt til årsmøte.

Møteleiar Ragnhild Dyngeland overtok leiinga av årsmøtet.

*Jone Fosse frå Time på talarstolen.*

**Godkjenning av innkalling og sakliste:**
Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møteleiar erklærte møtet for lovleg sett.

**Val av to til å underteikne protokollen i lag med møteleiar:**
Forslag frå møteleiar og samrøystes valde:
Ann Renate Selbak, Time Bondelag
John Egil Frøystad, Skåre Bondelag

**Val av tre som skal utarbeida uttale frå årsmøtet:**
Forslag frå møteleiar og samrøystes valde:
Ole Martin Eikeland, styret
Kjell Andreas Heskestad, styret
Ingvild Luteberget Nesheim, Vats Bondelag
Kontoret er sekretær.

Leiaren i Rogaland Bondelag Marit Epletveit sin tale hadde blant anna følgjande tema:

Kjære årsmøtedeltakere først og fremst tusen takk for muligheten dere gav meg i fjor. Det har vore eit travelt år, eit spennende år i møte med mange kjekke folk, mange som vil oss godt og noen som vil oss dit pepperen gror. Det har vært eit år fylt av nye utfordringer. Utfordringer for meg som person, men ikkje minst for næringa.

- **Jordbruksmeldinga**
  Stor mobilisering opp mot politiske parti for å spele inn endringsforslag. Stortinget viste ansvar - og etter **grundig behandling** i næringskomiteen så vart tilslutt meldinga ganske så bra. Blant anna kunne vi lese: *«For å sikre rekruttering, og for å løfte inntektsmuligheten i næringa, skal inntektsmålet være å redusere inntektsgapet mellom jordbruket og andre grupper»*

- **Jordbruksforhandlingane**
  Staten la fram eit urimeleg forslag, og det blei brot i forhandlingane. Fylkesleiaren takka alle som bidrog med gode aksjonar i alle ledd i organisasjonen.

  Staten sitt tilbod hamna i Stortinget. Etter mykje og godt arbeid tok Stortinget ansvar med å sikra landbruket ei høgare ramme enn det tilbodet som Staten la fram. Tre kommunar som er i sone 3, Bjerkreim, Gjesdal og Strand fekk redusert arealtilskot på gras. Kanaliseringspolitkken skal forsterkast, sone 3 er ei såkalla kornsone, arealtilskot gras blir nedprioritert og arealtilskot korn blir auka.

- **Innlandsbeite/kulturbeite**
  Kulturbeita er viktige for landbruket i Rogaland. 30% av landet sine kulturbeite er i vårt fylke. Innmarksbeita i vårt fylke er viktige for landet sin matproduksjon.

- **Dyrehelse og plantehelse**
  50% av erstatningsutbetalingane innan denne sektor gjekk til vårt fylke. Vi har høg dyretettheit og mange veksthus, det kviler eit stort ansvar på oss. Vi må være særdeles gode på smitteførebyggande tiltak og vi må gje beskjed om noko skulle oppstå, for å avgrense omfanget så fort som mogleg.

- **Revidering av gjødselforskrift**
  Reviderte gjødselforskrift er på veg. Moglege innstramingar vil gje store utfordringar i vårt fylke med mykje husdyr. Det er viktig at ny forskrift er fagleg godt begrunna og praktisk mogleg å gjennomføra.

- **Utfordrande sommar**
  Vanskeleg for mange å få inn slåtten og få ut husdyrgjødsla på grunn av mykje regn. Mange var bekymra, om det var nok fôr til dyra gjennom vinteren. Veldig god tilslutnad til ekstraløyvingane til nye gjødsellager.

- **Dyrevelferd**
  Mattilsynet varsla kontroll hjå alle slaktegrisprodusentane i fylket. Alle var klar over at Mattilsynet i løpet av året skulle innom alle som har slaktegris, god informasjon er gitt. Likevel kjem det oppslag i media som overhodet ikkje er greitt. Alle som driv med husdyr kan løfte seg nokre hakk innan dyrevelferd. Bondelaget skal stå på bonden si side dersom han ønskjer å rydde opp. Er næringa klar for å lage strengare regelverk for hald av dyr, før andre gjer det?

- **Pelsdyr**
  Venstre kom inn i regjeringa og pelsdyrhald i Norge skal avviklast. Dette kom som lyn frå klar himmel, kun eit år etter at Stortinget hadde gjort vedtak om vidare hald av pelsdyr med eit forsterka dyrevern. Bondelaget står saman med pelsdyralslaget i kampen om fortsatt pelsdyrhald i Norge.

- **Jordvern**
  10% av jordbruksarealet er i vårt fylke. Vi har noko av den beste jorda i landet, jorda har blitt drevet tusenvis av år og vi må verdsette den. Fylkeskommunen utarbeide jordvernstrategi. Bondelaget har deltatt i arbeidsgruppe. Landbruket har og ansvar for å bygge smartare og med mindre bruk av matjord i sine byggeprosjekt.

- **Bioøkonomistrategi**
  Fylkeskommunen skal utarbeida strategi innan bruk og utvikling av bioøkonomi. Fylkeskommunen er opptatt av landbruket og vil spela på lag med oss. Landbruket er bioøkonomi, vi tar vare på husdyrgjødsla og brukar den som næring til plantene. Landbruket må sitja i førarsete i utviklinga av nye proteinkjelder ut frå norske ressursar, noko som til dømes Foods of Norway arbeide med.

- **Bærebjelkar i landbrukspolitikken**
  Importvern og marknadsregulering er sett under press, større import av matvarer og ei marknadsreguleringsordning som er pressa politisk. Det er ein farleg kombinasjon. Vårt land har eit høgt kostnadsnivå, prisane til bonden må ligga høgare enn som er i andre land. Difor er importvernet viktig. Ein større del av inntektsauken i landbruket må skje gjennom overføringar. Regjeringa forhandle om handelsavtale med land i Sør Amerika. Matimport frå landa i Sør Amerika er eit av viktige tema. Landbruket må følgje med på denne prosessen.

- **Sau og lam, overproduksjon**
  Landbruket sjølve må ta ansvar om det ikkje skal utvikle seg til eit alvorleg problem i lenger tid framover.

- **Avslutning**
  Utfordringar framover vil der alltid være. Vi er sjølvstendig næringsdrivande med dei rettar og pliktar det føre med seg. Bondelaget skal stake ut ein kurs og så er det opp til kvar enkelt å bruke ressursane på eigen gard best mogleg. Vi må være stolte av den jobben vi gjer og vi må komme med dei gode innspela, være i forkant. Dette lasset må vi dra ilag, i lokallaga, videre til fylket og så til Norges Bondelag

*Møteleiinga: nestleiar, leiar, ordstyrar, og org. sjef.*

Korleis vil vi landbruket i Rogaland skal sjå ut, kva er viktig for deg?

Etter kort pause blei det opna for debatt på leiaren sin tale.

Følgjande hadde ordet i debatten: Bente Gro M Slettebø, Harald Velde, Jone Fosse, Per Inge Egeland, Erik Mikal Tjåland, Ola Andreas Byrkjedal, Arnstein Røyneberg, Torstein Haukali, Tårn Ubøe, Eivind Koldal, Anne Tove Ingvaldstad.

**Punkt frå debatten:**

- Fekk skryt av talen.
- Dyrevelferd er utfordrende. Bondelaget må sette dagsorden.
  - Kvifor står namnet på bonden i postlistene til Mattilsynet?
  - Strenge økonomiske verkemiddel dersom avvik i dyrevelferd, gebyr frå Mattilsynet og trekk i produksjonstilskott.
  - Sette oss i førarsete og kan ikkje feila.
  - Fleste av dei bøndene som har manglande dyrevelferd treff ein ikkje på faglag. Kollegial samhald mellombønder er viktig.
  - Heilt feil å gje dyra menneskelege verdiar.
- Importvernet under press, auke i importen på mjølkeprodukt utgjer i 2017 110 millionar liter mjølk.
- Matindustrien er avhengig av norske råstoff. Importvernet er viktig og i denne samanheng.
- Jordvern. Kampen om jorda.
  - Jordvernmål for Rogaland, 10% av nasjonalt mål er 400 da årleg avgang innan 2022.
  - Lokallaga og fylkeslaget må vera på.
  - Byane må veksa innover.
- Distriktslandbruket må få merksemd. Også kraftfôrbaserte produksjonar må ein ha i distrikta, fleire produksjonar på bruka kan vera avgjerande.
- Støtte opp om pelsdyrhald i Norge. Fleire talarar støtta opp om pelsdyrnæringa.
- Matkjedene er viktige for vår næring. Vi må ikkje gje frå oss makta, må ha eit sterkt landbrukssamvirke.

Fylkesleiar takka for god debatt. Fylkesstyret arbeide vidare med saker som årsmøte trekte fram som viktige tema.

Etter lunsj blei årsmøte sett.

Rogaland Bondelag sitt medlem i Ulandsutvalet Ole Eriksen orienterte om arbeidet i Sambolabbo i Kamerun.

Bertran Trane Skadsem, leiar i Norges Pelsdyralslag takka for Rogaland Bondelag sitt engasjement. Pelsdyrhald i vårt land skal fortsette.

Stortingsrepresentant og leiar i Stortinget sin Næringskomité, Geir Pollestad var invitert med innlegg og politisk analyse på landbruket sine utfordringar i tida framover.

Det blei opna for spørsmål og kommentar, Bente Gro M. Slettebø, Geir Jone Pollestad og Geir Heggheim løfta fram viktige saker som marknadsregulering, bransjeråd, kjedemakt, konkurranse i mjølkesektoren og arkeologiske funn.

Marit Epletveit takka Geir Pollestad for at han kom til årsmøte og med godt innlegg.

Pause.

**Einar Frogner, styremedlem i Norges Bondelag innleia til landbrukspolitisk diskusjon.**

Tema som han tok opp var blant anna:

- Klima i endring.
  - Behov for meir mat
  - Norge i ei god klimasone, men det vil bli meir nedbør og tørke.
- Fortsette med blå regjering
  - Venstre inn i regjeringa, KrF på vippen
- Redusere inntektsgapet i forhold til andre inntektsgruppe.
  - Stortingsfleirtal – krone messig utvikling.
- Jordbruksoppgjeret 2018
  - Forhandlingane
  - Marknadsinntekt, ta ut pris i marknaden
  - Fordele ramma på målpris – lite å gå på
  - Forhandle om inntektsmoglegheiter
  - Målet er avtale, men ikkje for ein kvar pris.
- Strategi i Bondelaget som kamporganisasjon
  - Handlingsrommet
  - Landbrukspolitiske skilleliner i Stortinget
  - Kamporganisasjon og samhandling med myndigheitene.

- Arbeidsdeling, kanaliseringspolitikken
  - Positive verkemiddel
  - Korn
  - Prisnedskriving på korn
  - Frakttilskot
- Marknadsregulering
  - Sikre forbrukaren tilgang til vare til akseptable prisar
  - Skal sikre bonden inntektsmoglegheiter og stabile prisar.
  - Kjøla ned produksjonen, eller marknadsregulering
  - Samvirkebasert marknadsregulering
    - Produksjon i heile landet
    - Blir finansiert av bøndene
    - Mottaksplikt
    - Forsyningsplikt
    - Reguleringstiltak
- Fleire viktige saker kjem i landbruksdebatten:
  - Pelsdyrhold
  - Eiendomspolitikk
  - Jordvern
  - Rovdyr
  - Importvernet
- Dyrevelferd
- Medlemsvekst i Bondelaget, 63 500 medlemmar, høgast på 20 år.
- Fotosyntesen
  - Den einaste fornybare og verkelege verdiskapar.

Kort pause.

**Debatt, følgjande hadde ordet:**
Per Inge Egeland, Egil Svela, Willy Finnbakk, Artur Egeland Fjellheim.

Tema som blei tatt opp:
- Omsetningsrådet, må arbeide med marknaden og marknadsregulering
- Landbruket som forureinar, er jordbruket det?
- Import av protein
  - Kan vi risikere kvote på kraftfôr, import av protein
  - Må utvikle nasjonale/regionale proteinressurser
- Dyrevelferd, snakke bonden sin sak
- Jordvern, må høgare opp på dagsorden.
  - Vi må gjer ein jobb lokalt, ikkje vær redd for å bli upopulær.

**I samband med jordbruksforhandlingane 2017** blei det sett ned to utval som skulle legge fram rapportar til jordbruksforhandlingane 2018, Einar Frogner orienterte:
- Produksjon på fleire mjølkekvoter
- Utgreiing av driftsvansketilskott

Utgreiing driftsvansketilskot såg på behov for moglege tilskot på bratt areal, treigstorleik, arrondering, klima og topografi.

Ei eventuell innføring av driftsvansketilskott basert på ein kartløysning for produksjonstilskott kan tidlegast være klar til bruk for del 2 av søknadsomgangen for 2020. Ein eventuell nasjonal ordning for bratt-tilskott innanfor løysningen for RMP-systemet bør fortrinnsvis samordnast med ny nasjonal forskrift for RMP som er planlagt skal tre i kraft frå søknadsomgang 2019.»

**Produksjon på fleire mjølkekvotar:**
Det er til saman vurdert 11 konkrete forslag om endring av regelverket for kvoteordninga for mjølk:
1. Harmonisere regelverk ved omsetning og produksjon på flere kvoter
   a) Avvikle prosentandelen solgt via staten
   b) Endre statlig pris
   c) Avvikle privat omsetning og bortdisponering av kvote
   d) Salg av kvote til staten ved bortdisponering av kvote
2. Grunnkvote bortfaller etter et antall år når den ikke er produsert på egen eiendom
3. Avvikle mulighet for produksjon på annen eiendom enn kvoten tilligger
4. Gradvis overføre kvote til aktive produsenter («devaluering»)
5. Knytte disponibel kvote til arealgrunnlaget på eiendommen
6. Gjeninnføre begrensning på innleie og utleie samme kvoteår
7. Regulere pris på bortdisponering av kvote
8. Stimulerer til salg av kvote gjennom økonomiske virkemidler
9. Oppheve kvoteordningen
10. *Tilpasninger i skattesystemet*
11. *Gjeninnføre regelverksskille mellom enkeltpersonforetak og samdrift*
12. *Redusere målpris og tilskudd, samt innretning av tilskudd*

Arbeidsgruppa har ikkje kome med tilråding på omlegging av dagens regelverk for produksjon på fleire kvotar.

Følgjande hadde ordet etter Einar Frogner si innleiing: Asgeir Håland, Geir Jone Pollestad, Jone Fosse, Åsbjørn Høyland, Jon Tore Refve, Laurits Stokkeland, Kjell Andreas Heskestad, Knut Åge Gjersdal, Marianne Jøssang, Svein Helge Harbo, Geir Ingve Øglend.

Tema som blei tatt opp:
*Driftsvansketilskot:*
- Må få med små teigar og bratt areal
- Teig – poeng på bruk ut frå bestemte faktorar
- Forstyrrande element i teigen, arkeologiske funn, høgspentliner osv.
- Bør sjå på små bruk, starte opp drift på mindre bruk
- Små skifte
- Bratt areal

*Mjølkekvote:*
- Gradvis overføre leigeavtale til leigetakar over 10 år.
- Utfordring for dei føretak som er organisert som Samdrift
- Alt for gunstig for den som leige ut
- Leige ut, kunne selje skattefritt etter 5 år.
- Alle ser problemet – få ser løysinga
- Vri skattesystemet
- Større mjølkegardsbruk leige i dag ut jord og kvote til forskjellige gardsbruk.
- Leige ut i 5 år, må sjølve aktivisera kvota eller selje
- Kvifor ikkje selje kvota til samdrifter
- For mange sitt på usikre leigeforhold av mjølkekvote
- Lausdrift kravet som kjem 2034, kva vil det gjer med sal /leigeforhold.
- I dagens politiske landskap – vanskeleg å få ei sterkare styring på mjølkekvotar.
- I alle år – mange urettferdigheter.

Einar Frogner oppsummerte.

**Sak 1. Årsmelding for 2017**
Nestleiar i styret Kjell Andreas Heskestad gjekk gjennom og kommenterte årsmeldinga for 2017.

Vedtak: Årsmelding samrøystes godkjent.

Middag om kvelden.

Utdeling av pris til aktivt lokallag gjekk i år til Bjerkreim Bondelag.

Bjerkreim Bondelag går vidare til nasjonal konkurranse.

Utdeling av vervepris til årets vervelag: Lund Bondelag.

Mariann Jøssang leste ei historie frå Suldal.

Terje Bråtveit haldt kåseri.

Jan Idar Haugen takka for maten.

**Laurdag 10. mars**
Lukka møte, kun for utsendingane til årsmøte og tilsette.

Einar Frogner, styremedlem i Norges Bondelag, orienterte om viktigheita av aksjonar dersom det vert brot i forhandlingane.

Gjekk kort gjennom moglege aksjonsformer.

Representantskapet i Norges Bondelag skal gjer vedtak på aksjonsformer i tilfellet brot i forhandlingane.

Årsmøte blei opna for gjester og andre tilhøyrarar.

**Sak 2: Rekneskapen for 2017**
Org. sjef Olav Sande la fram rekneskapen for 2017.

Egil Svela stilte spørsmål om kor balansen kom fram, og melding frå revisor.

Olav sande svarte at Rogaland Bondelag har konto i Norges Bondelag sin rekneskap. Overskot/underskot vil kome fram på kontosaldo. Referert i rekneskapen.

Fylkeslaget sitt rekneskap er ein del av Norges Bondelag sitt rekneskap og revidert av Norges Bondelag sin revisor.

Vedtak: Rekneskapen for 2017 samrøystes godkjent.

**Sak 3. Arbeidsplan for 2018 – 2019**
Styremedlem Ole Martin Eikeland la fram styret sitt forslag til Arbeidsplan for 2018 – 2019.

Følgjande kommenterte. Geir Ingve Øglend, Tron Skjefrås. Tema som blei kommentert:

Gamle tome driftsbygningar, fylkeslaget bør sjå på korleis handtere denne type bygg. Arealforvaltning, ønskjer kurs i kommuneplanarbeid og anna planarbeid.

Vedtak: Styret sitt forslag til Arbeidsplan for 2018 – 2019 vart samrøystes godkjent.

**Sak 5. Budsjett for 2018**
Org. sjef Olav Sande la fram styret sitt forslag til budsjett for 2018.

Vedtak: Budsjett for 2018 vart samrøystes godkjent.

**Dyrevelferd og dyrehelse**
– Mattilsynet sine satsingsområder
v/ Olav Tørresdal, fagrådgjevar dyrevelferd i Mattilsynet.

Han gjekk gjennom arbeidsoppgåver, prioriterte område i tilsyn, oppfølging av risikobesetningar med meir.

Følgjande hadde ordet etter innlegget: Per Inge Egeland, Kjell Andreas Heskestad, Willy Finnbakk, Johannes Vestbø, Jakob Eskeland, Egil Svela.

- Godt samarbeid med Mattilsynet
- Fleire frykte tilsyn.
- Nytte ikkje å klage, frykt for hemn frå Mattilsynet.
- Gjerdehald langs jernbane
- Kva med ressursperson mellom bonde og Mattilsynet
- Kva med rådgjevande besøk?
- Tøft for bonden
- Personvern, postlister, bilete i rapportar.
- Takka for orienteringa.
- Olav Tørresdal svarte og kommenterte innlegga frå årsmøteutsendingane.

**Sak 6. Val**
Tal stemmeføre vart registrert ved namneopprop, det var 87 stemmeføre til valet.

Møteleiar Ragnhild Dyngeland orienterte om korleis valet ville bli gjennomført.

Ut frå vedtektene skal ein ha skriftleg votering på leiar og styremedlemmar.

Stein Pettersen, leiar i valnemnda, orienterte om valnemnda sitt arbeid. Det var avhalde 2 møter i valnemnda. Forslaget frå valnemnda var samrøystes.

Ordstyrar opna for spørsmål og orientering.

Følgjande hadde ordet: Kjell Andreas Heskestad, Knut Åge Gjersdal, Tårn Ubøe, Sigbjørn Hofsmo, Åsbjørn Høyland, Ola Hauge, Tron Skjefrås.

Kjell Andreas Heskestad, Lund Bondelag orienterte årsmøtet om at han trakk seg som kandidat som Jæren sin representant til styret i Rogaland Bondelag.

Knut Åge Gjersdal, Hå Bondelag orienterte om at det vil koma forslag på May Britt Lode, Nærbø Bondelag som nytt styremedlem, som motkandidat til Kjell Andreas Heskestad.

Tron Skjefrås fremja på vegne av lokallaga i Lund-, Helleland-, Egersund-, og Sokndal Bondelag Kjell Andreas Heskestad som motkandidat til Bente Gro M Slettebø.

Ola Hauge, Suldal Bondelag stillet spørsmål om Kjell Andreas Heskestad kunne trekka seg som kandidat på deler av valkomiteen si innstilling.

Valnemnda tok møte for å avklare om Kjell Andreas var valnemnda sitt forslag som styremedlem. Valnemnda sto fast på at Kjell Andreas Heskestad var nemnda sin kandidat.

Eit styremedlem på val kan sei frå seg sitt kandidatur i like mange år som dei har sitte som styremedlem. Kjell Andreas Heskestad nytta seg ikkje av det.

**Innstilling til val Rogaland Bondelag 2018**

**1. Val av leiar for eit år**

Marit Epletveit,Gjesdal Bondelag

Marit Epletveit var vald med 85 stemmer, 2 stemmer var blanke.

**2. Val av to styremedlemmer for to år**

Valnemnda sitt forslag: Bente Gro Milwertz Slettebø, Bjerkreim Bondelag

Forslag frå Tron Skjefrås: Kjell Andreas Heskestad, Lund Bondelag Bente Gro M Slettebø blei vald med 56 stemmer

Kjell Andreas Heskestad fekk 29 stemmer og det var 2 blanke.

Valnemnda sitt forslag: Kjell Andreas Heskestad, Lund Bondelag

Forslag frå Knut Åge Gjersdal: May Britt Lode, Nærbø Bondelag

May Britt Lode blei vald med 58 stemmer

Kjell Andreas Heskestad fekk 18 stemme og det var 10 blanke stemmer.

**3. Val av nestleiar for 1 år**

Jan Idar Haugen, Skjold Bondelag

Jan Idar Haugen, Skjold Bondelag blei vald med 83 stemmer, 3 blanke stemmer.

**4. Val av 3 varamedlemmar til styret for 1 år**

1. vara Jon Tore Refve, Bore Bondelag
2. vara Ingvild Luteberget Nesheim, Vats Bondelag
3. vara Gunleif Haukelid, Forsand Bondelag

Valnemnda sitt forslag på varamedlemmar til styret blei vald med akklamasjon.

**5. Seks utsendingar til årsmøtet i Norges Bondelag, for 2 år: (2018-2019)**

*Frå Nord-Rogaland:*

Ingvild Luteberget Nesheim, Vats Bondelag

*Frå Ryfylke:*

Gunleif Haukelid, Forsand Bondelag

*Frå Jæren:*

Lodve Haaland, Sandnes Bondelag

Jone Fosse, Time Bondelag

Knut Åge Gjersdal, Søre-Hå Bondelag

Knut Åge Gjersdal, Søre Hå Bondelag foreslo May Britt Lode, Nærbø Bondelag som utsending til årsmøte, som motkandidat til Knut Åge Gjersdal.

May Britt Lode blei vald med 67 stemmer.

Knut Åge Gjersdal fekk 14 stemmer og 5 stemmer var blanke.

*Frå Dalane:*

Kjell Andreas Heskestad, Lund Bondelag

Tron Skjefrås foreslo på Guro Stenberg, Lund Bondelag som utsending på årsmøte og at Kjell Andreas Heskestad tok hennar plass på varamannslista som utsending til årsmøte.

Forslaget vedtatt med akklamasjon.

Valnemnda sine andre forslag til utsendingar til årsmøte i Norges Bondelag blei valde med akklamasjon.

**6. Val av 11 varautsendingar for eit år**

1. Stein Magne Valheim,Hjelmeland Bondelag
2. Jon Egil Frøystad, Skåre Bondelag
3. Åsbjørn Høyland, Nærbø Bondelag
4. Helene Sejerstad Bødtker, Suldal Bondelag
5. Guro Steinberg, Lund Bondelag
   Tron Skjefrås foreslo Kjell Andreas Heskestad
   Godkjent med akklamasjon.
6. Guttorm Gudmestad, Rennesøy Bondelag
7. Ivar J. Ognøy, Bokn Bondelag
8. Kjell Thomas Kirketeig, Ølen Bondelag
9. Børge Næss, Strand Bondelag
10. Magnus Ånestad, Varhaug Bondelag
11. Olav Sande, Organisasjonssjef

**7. Val av ordstyrar for leiarmøtet 2018 og årsmøte 2019**

Ordstyrar: Ola Andreas Byrkjedal, Gjesdal Bondelag

Varaordstyrar: Ragnhild Stokka Dyngeland, Time Bondelag

**8. Val av 4 medlemmar med vara til valnemnda for årsmøte 2019 og 2020**

*Frå Jæren:*

Sigmund Wiig, Orre Bondelag

Vara: Geir Ingve Øglend, Sandnes Bondelag

*Frå Dalane:*

Ivar Tore Storhaug, Helleland Bondelag

Vara: Eivind Kolldal, Egersund Bondelag

*Frå Ryfylke:*

Svein Levik, Forsand Bondelag

Vara: Helene Serjerstad Bødtker, Suldal Bondelag

*Frå Nord-Rogaland:*

Sigbjørn Eikje, Tysvær Bondelag

Vara: Svein Helge Høyvik, Tysvær Bondelag

**9. Val av leiar og nestleiar i valnemda for eit år:**

Leiar: Stein Pettersen, Bjerkreim Bondelag

Nestleiar: Sigbjørn Eikje, Tysvær Bondelag

Valnemnda sitt forslag: Stein Pettersen, Bjerkreim Bondelag

Åsbjørn Høyland, Nærbø Bondelag forslo Jofrid Torland Mjåtveit, Nærbø Bondelag som leiar. Ved avstemming fekk Jofrid Torland Mjåtveit 42 stemmer, Stein Pettersen fekk 38 stemmer og 6 stemmer var blanke.

Val av ordstyrar for leiarmøte 2018 og årsmøte 2019:

Ole Andreas Byrkjedal, Gjesdal Bondelag, vald me akklamasjon.

Ragnhild Stokka Dyngeland, vald med akklamasjon.

Valnemnda sine forslag blei valde med akklamasjon.

**Helsingar til årsmøte frå:**

Landkreditt, ved Jakob Eskeland

Norsvin Rogaland, ved Per Inge Egeland.

Tine SA: ved Asgeir Pollestad.

Nortura, ved Willy Finnbakk.

Norges Pelsdyralslag: Bertran Trane Skadsem

Rogaland Bygdeungdomslag ved Elin Egeland Roda.

Rogaland 4H ved Magne Helleren orienterte om 4H landsleir på Øksnevad vgs til sommaren 2018. Ønskjer samarbeid på dugnadsfolk.

Fylkesleiar Marit Epletveit takka nestleiar i styret Kjell Andreas Heskestad med 6 år i styret og styremedlem Laurits Stokkeland med 2 år i styret for godt arbeid.

Tilsette på kontoret fekk takk for godt arbeid i året som var.

Fylkesleiar Marit Epletveit takka for tilliten, såg fram til eit spanande og krevjande år for landbruket i Rogaland.

Årsmøte slutt.

Referent: Olav Sande

Møteleiar: Ragnhild Stokka Dyngeland

Valde av årsmøte for å underskrive protokollen:

John Egil Frøystad, Skåre Bondelag

Ann Renate Selbak, Time Bondelag

# Årsmøte i Norges Bondelag

Bondetinget 2018, Noregs Bondelags årsmøte gjekk av stabelen i Lillehammer 6.-7. juni. Rogaland Bondelag er det største fylkeslaget i bondelaget og stiller med den største delegasjonen på årsmøte. Vår fylkesleiar Marit Epletveit hadde med seg 11 tillitsvalde i sin delegasjon, og fleire av disse fekk ordet i debatten.

Tema for innlegga var gjødselforskrifta og betre utnytting av gjødsel og næringsstoff gjennom teknologi. At kanaliseringspolitikken må bestå, og at pelsforbodet er eit angrep på ei viktig norsk landbruksnæring. Mattilsynet og dyrevelferd – næringa må sjølv ta styringa i for å sikre god dyrevelferd og setje standarden for den basert på fagleg kunnskap.

*Delegatar og utsendingar frå Rogaland.*

# Utval i Rogaland Bondelag

**Arbeidsutvalet til RB**
Leiar: Marit Epletveit
Nestleiar: Jan Idar Haugen
Org. sjef Olav Sande

**RB sin rep. i styret til Rogaland Bygdekvinnelag**
Jan Idar Haugen
Bente Gro M. Slettebø

**RB sin rep. i styret til Rogaland Bygdeungdomslag**
Bente Gro M Slettebø
Ole Martin Eikeland

**Infoutvalet**
Leiar: Lisa Breiland, Finnøy 2016, 18
Sigbjørn Andreas Hofsmo, Lund 2014, 16, 18
Svein Ståle Kolstø, Karmøy 2014, 16, 18
Helene Bøe, Fogn 2018
May Britt Lode, frå styret

**Grønt utvalet**
Leiar: Ola Sunde 2017,18
Annelin Sveinsvoll Gartnarhallen 2017
Morten Bilstad, Norgrønt 2017
Geirmund Helgøy, Hjelmeland. 2018
Arne Vagle, Landbruksrådgivinga, 2014, 16, 18
Jon Tore Refve, frå styret

**Verveutvalet**
Leiar: Geir Oluf Hareland, Gjesdal 2014, 14, 16, 18
Anne Tove Ingvaldstad, Hjelmeland 2016, 18
Guro Stenberg, Lund Bondelag 2018
Ole Martin Eikeland, frå styret

**Jordvernutvalet**
Leiar: Ola Andreas Byrkjedal, Gjesdal Bondelag. 2017 - 18
Torgeir Kinn. Stavanger Bondelag. 2014, 16, 18
Kåre Søyland, Gjesdal Bondelag, 2016, 18
Bente Gro M. Slettebø frå styret
Inger Johanne Bligaard 2017
Rogaland Naturvernforbund
Rogaland Jordvernforening.

**U – landsutvalet – Rogaland Bondelag sin representant**
Ole Eriksen

**Ulike ressursgrupper og faggrupper i samband med vassdirektivet**
Jæren vassområde: Marit Epletveit
Dalane vassområde: Bente Gro M. Slettebø
Haugalandet vassområde: Jan Idar Haugen
Ryfylke vassområde: Ole Martin Eikeland
Vassregion Rogaland: Olav Sande

**Regionalt Miljøprogram, styringsgruppa**
Marit Epletveit
Olav Sande

**Partnerskapen, IBU midlane. (investeringstilskott, Innovasjon N))**
Marit Epletveit
Olav Sande

**Rovviltkontakt**
Ole Martin Eikeland

**Rådgivande organ for økologisk landbruk:**
Geir Inge Øglend

**Regionkontakt, Landbrukets HMS teneste**
Kontoret organisere

**Biogass Rogaland, styringsgruppe**
Olav Sande

**Biogass Haugalandet**
Jan Idar Haugen

**HV kontakt, Rogaland og Agder**
Ole Martin Eikeland

Styremedlemmane har fordelt "fadderansvar" til lokallaga mellom seg. I arbeidsplanen er det lagt opp til at styret har kontakt med lokallaga / lokallagsleiaren to gonger i året

# Næringspolitiske saker


Innspel til jordbruksforhandlingane ..... 12
Jordbruksforhandlingane ..... 13
Jordbruksoppgjeret ..... 13
Gjerding langs jernbanen ..... 14
Organisering av grunneigarlag langs ny E39 ..... 14
Forslag om avvikling av pelsdyrnæringa ..... 15
Politisk kontakt ..... 16
Tørkeåret 2018 ..... 16
Mattilsynets tilsynsprosjekt på slaktegris ..... 17


# Innspel til jordbruksforhandlingane

**Oppsummering av hovudpunkta:**
Norsk matproduksjon er retta inn mot innanlands forbruk. Det er svært viktig at produksjonen er tilpassa denne marknaden, og at prisstyring og politikk har ei innretning som bidreg til balanse mellom produksjon og forbruk. Samvirkeorganisasjonar som har ansvar for marknadsregulering må ha rammevilkår og verkemiddel for å utføra dette, men utan at konkuransen og tilliten mellom aktørane blir svekka.

Ei heving av målpris må vera moderat og ikkje overstige kostnadsauken. Inntektsauken i landbruket må koma frå ein auke i budsjettoverføringane.

Små og mellomstore bruk er i fleire høve kombinasjonsbruk. Når inntektsløft i hovudsak blir gitt på målpris, då vil desse bruka sakke akterut i inntektsutviklinga. For å løfte små og mellomstore bruk på inntekt må overføringane aukast og målrettast små og mellomstore bruk.

Norsk matproduksjon bør i størst mogleg grad være på norske ressursar. Kanaliseringspolitikken må utformast på ein måte som oppmode til best mogleg bruk av areal tilpassa klima og produksjonsgrunnlag i landet.

Avløysartilskotet har ikkje fått ei utvikling som fange opp lønsveksten i landet. Beløpet som blir sett av til avløysing må hevjast. Ei god avløysarordning sikre bonden ferie- og fritid. Ei god avløysarordning fremme god dyrevelferd, ved at andre kjem inn i driftsbygningane. Ei god sjukeavløysing er med sikre drifta på garden om noko uføresett skulle hende. Den er og med å sikre trygge vilkår både ved barselpermisjon og sjukdom. Dette gjer det lettare for unge å ta steget inn i næringa.

Klima og miljø. Matproduksjon i heile landet gir størst mogleg bruk av norske ressursar og bidreg til eit landbruk med lågt klima- og miljøavtrykk. Ordningar som motiverer til gode klima- og miljøtiltak på eigen gard må ha høg prioritet. God agronomi, god drenering, redusere avrenning og erosjon samt avgrense utslepp av klimagassar er dei beste klima- og miljøtiltaka. Bonden må få tilført kompetanse på kva tiltak som er aktuelle og som gjer best resultat på eigen gard med ordninga Klimarådgjeving på gardsnivå.

Inntektsveksten må prioriterast små og mellomstore bruk. Inntektsveksten må utformast på ein slik måte at den ikkje er produksjonsdrivande, men kjem på struktur og distriktstilskott. Det kan vera ei auka satsing på innmarks- og utmarksressursane og avløysarordningane for ferie og fritid.

Fraktstøtte er avgjerande for distriktslandbruket.

Klima- og miljøfond må innførast. Det er nødvendig å bygge kapital i landbruket som kan nyttas formål knytt opp til klima og miljø. Rogaland Bondelag ønskjer eit slikt fond, fordi det kan redusere risiko og utlikne inntekt i år med avlingssvikt.

Kornprisen kan ikkje aukast utan at prisnedskrivinga kompensere auka fôrutgifter for husdyrbonden. Konkurransekraft og marknadssituasjon gir ikkje grunnlag for å ta ut auka kraftforpris i sluttmarknaden.

# Jordbruksforhandlingane

Arbeidet med jordbruksforhandlingane følgde same leist som tidlegare år. Lokallaga er flinke med å sende innspel til fylkeslaget. Det er på bakgrunn av innspela frå lokallaga at fylkesstyret utarbeide sine innspel til Norges Bondelag. Det er Norges Bondelag sitt representantskap på bakgrunn i innspela frå fylkeslaga som legg føringane og gir mandat for kravet som blir levert staten, ved landbruksministeren.

Det er forhandlingsutvalet i Norges Bondelag som er ansvarlege for forhandlingane. Utvalet består av leiar med 1. og 2. nestleiar.

Fylkeslaga må planlegge som om det skulle bli brot i forhandlingane. Kontoret forberedte ein aksjonsplan, som blei sendt ut til lokallaga, og forberedte materiell. Aksjonsberedskapen både i fylket og ute i lokallaga vart klar, men i 2018 vart jordbruksavtala inngått saman med Småbrukarlaget og staten den 16. mai. Aksjonsberedskapen og materiellet tek me med oss til neste år.

# Jordbruksoppgjeret

- Ramme: 1100 mill. kr, en økning på 100 mill kr.
- Avtalen gir inntektsvekst på 11 700 kr per årsverk og innebærer en mer realistisk prising av markedsinntektene enn i statens tilbud.
- Det er et løft for velferdsordninger i landbruket. Sikre bønder bedre muligheter til avløsning ved sjukdom og til ferie og fritid.
- Det er et viktig løft for velferdsordninger i landbruket.
- Styrking av tilskudd til brattlendt areal.
- Det blir et særskilt tilskudd for små og mellomstore melkebruk.
- Den foreslåtte økninga i bunnfradraget som var foreslått i statens tilbud, er stoppa. Bunnfradraget forblir på kr 6 000.
- Alle setrer får et tilskudd på kr 50.000.
- Frukt, bær, grønt og korn er prioriterte produksjoner i årets oppgjør.
- Tilskudd til veterinærreiser økes med 5,3 mill kr.
- Landbruksdirektoratet skal utrede konsekvensene av å avvikle samordningen av tilskudd ved avløsning ved sykdom, fødsel mv mot lønnsinntekter, slik at en likestiller lønnsinntekter med andre næringsinntekter.

*Guttorm gudmestad, leiar i Rennesøy fôrar lam. Marknadsbalanse for lam var ein viktig sak i 2018.*

**Nasjonalt tilskudd for små og mellomstore melkebruk**

Jordbruket foreslo i vårt krav til årets jordbruksforhandlinger et helt nytt tilskudd for melkebruk med mellom 15 og 30 kyr. Dette tilskuddet har vi fått gjennomslag for i forhandlingene, med noen endringer.

Det er satt av 146 millioner kroner til tilskuddet i jordbrukstavtalen. Har du flere enn 6 kyr får du 1400 kroner per dyr for de første 23 dyra, og deretter reduseres satsene med 1150 kroner per dyr til og med 50 kyr.

**Markeds- og produksjonsregulering**

Gjennom forhandlingene har jordbruket fått med regjeringa på å innføre virkemiddel for å balansere markedet for svin og sau. Dette er viktig for å opprettholde drift på sauebruk av ulik størrelse, noe som igjen er viktig for å bruke jord- og beiteressurser i distriktsNorge til matproduksjon. Markedsregulering er en av de viktige ordningene som sikrer at vi kan ha landbruk i hele Norge, og som gir bønder forutsigbarhet og muligheten til å drive langsiktig matproduksjon. Virkemidlene jordbruket har fått innført for regulering av svineproduksjon, bidrar til dette.

Gode markedsregulerende tiltak gir også bedre muligheter for bonden til å hente ut inntekter i markedet.

# Gjerding langs jernbanen

Det har vore utfordringar for husdyrbøndene langs jernbanelinja i Sør-Rogaland i lengre tid. Fleire av gjerdene er gamle og i dårleg stand, som har ført til påkøyringar av fleire dyr. Særleg har det vore eit problem i Lund, Eigersund og Hå. Det er ueinigheit mellom fleire gardbrukarar og Bane NOR om kven som har det endelege gjerdeansvaret. Konflikten er juridisk og politisk, då denne situasjonen har blitt forverra etter at Banen NOR ble skilt ut frå NSB under jernbanereforma i 2016.

Denne konflikten har Rogaland Bondelag lyfta politisk på vegne av lokallaga i området, der me har fått god hjelp frå stortingsrepresentant Øystein Langholm Hansen (Ap) som sit i transportkomiteen. Me har heldt eit dialogmøte med representantar frå Bane NOR, og eit møte med grunneigarane langs jernbanen. Med Bane NOR blei me einige om å kartleggje tilstanden til gjerdene lags linja, men ikkje noko endeleg om gjerdeplikt. Med grunneigarane fekk me ein god gjennomgang av jussen rundt gjerding langs jernbanen av advokat Sean Grinde frå Vierdal advokatfirma og orientert grunneigarane om kva som skal til viss dei vil løfte saka via rettsapparatet.

*Terje Taule visar skadde gjerder til Øystein Langholm Hansen (Ap).*

# Organisering av grunneigarlag langs ny E39

Prosjektet Ny E39 frå Lyngdal-Ålgård vil ha betydelege konsekvensar for jordbruket i området, der den vil leggje beslag på minst 1000 mål jordbruksareal, splitte eigedomar og produsere støy. Me såg det som naudsynt å ta initiativ til å organisera grunneigarane slik at dei kan lettare få hevda sine interesser i denne prosessen. Rogaland Bondelag, saman med bondelaga i nedslagsfeltet til Ny E39 Lyngdal-Ålgård i Rogaland kalla inn dei mogleg råka grunneigarane til møte om organisering av grunneigarlag den 29. november. Møteleiar var Marit Epletveit, leiar i Rogaland Bondelag. Det var om lag 140 deltakarar på møtet.

På programmet var Torun Lynnebakken og Bjarte Sandve frå Statens Vegvesen, som fortalte om programarbeidet og moglege trasear. Advokat Elisabeth Nygård og Endre Skjørestad frå Haver advokatfirma fortalte om planprosessar og grunnerverv. Are Hauge Braaten frå Rogaland Bondelag fortalte om organisering av grunneigarlag. Til slutt vart det val av medlemmer til arbeidsgruppene, der alle vart vald med akklamasjon. Med det var organiseringsprosessen begynt, og det vil ver betre forhold for laga når høyringsrundane startar i 2019.

*Vegvesenet viser dei ulike trasevala i 3d-kart.*

# Forslag om avvikling av pelsdyrnæringa

I januar 2017 gjorde Stortinget vedtak om ei berekraftig utvikling av pelsdyrnæringa i landet. Det var mange utgreiingar og ei eiga stortingsmelding som låg føre då Stortinget gjorde sitt vedtak.

I samband med at Venstre skulle inn i regjeringa med H og FrP blei det framforhandla ei ny politisk regjeringsplattform, den såkalla Jeløyaavtalen. Jeløyaavtalen kom i januar 2018.

Det kom som ei stor overrasking: I Jeløyaavtalen stod det at pelsdyrnæringa skulle avviklast innan januar 2025. Alle dei tre regjeringspartia forplikta seg på denne avtalen. Det er ikkje akseptabelt at det blir innført næringsforbod på ei vare som er lovleg å produsere og omsetje, og at dette blir gjort i lukka rom utan at nokon andre enn dei som sit i regjeringsforhandlingane veit kva som foregår. Det er første gong det blir innført forbod av ei heil næring her til lands. Fylkeslaget engasjerte seg i saka og fekk til møteplass med stortingsrepresentantar frå H og FrP, ordførarar på Jæren, fylkesleiar i H og pelsdyrnæringa. Det blei utarbeida notat på produksjonen og verdiskapinga innan pelsdyrnæringa i fylket. I vårt fylke har vi over halvparten av pelsdyrproduksjonen på mink. Trøndelag er størst på pelsdyrproduksjon av rev.

I rapporten om verdiskaping i landbruket for Rogaland som NIBIO utarbeida på bakgrunn i 2014 tal var det på primærleddet i pelsdyrnæringa 143 årsverk. Vi finn ikkje tal på ringverknadane utover primærleddet. Om ein berekne konservativt vil den totale verdiskapinga på pelsdyr ligge på ca. 430 årsverk, medrekna primærleddet.

Pelsdyr blir produsert utan midlar frå jordbruksoppgjeret og er retta mot tilnærma 100% eksport.

I vårt arbeid er hovudfokus å få Stortinget til å stå på vedtak frå januar 2017. Om ikkje det er mogleg må pelsdyroppdretterane koma økonomisk skadesløyse ut av dette. Det gjeld både på dei investeringane som er gjort i næringa og tap av framtidige inntekter. Vi krev individuell behandling.

Fem pelsdyroppdrettatarar (ein er frå Rogaland) har gått til søksmål mot staten på næringsforbodet.

Styret i Rogaland Bondelag gjorde vedtak om å støtte rettssaka med kr 10 000,- .

Regjeringa har sendt høyringsforslag på erstatning og kompensasjon til pelsdyrnæringa dersom det blir næringsforbod. Høyringsfrist 31. januar 2019.

*Mink hjå Seldal gard.*

# Politisk kontakt

Fylkeslaget har formelle kontaktar og kontakt av meir uformell karakter med folkevalde og andre som kan påverke landbruket sine rammevilkår. Me har regelmessige samtalar med blant anna stortingsrepresentantar, statsråd, fylkespolitikarar, byråkratar, organisasjonar og andre som kan påverke landbruket sine rammevilkår. Disse er viktige medspelarar.

I løpet av året har medeltatt på møte med blant anna folkevalde organ i fylkeskommunen, som fylkesutvalet. Me har gitt innspel til valprogram for 2019 til fleire parti.

Me deltek på Solamøte og andre møte der personar som er med på å utforme politikken er tilstades. Det er sjølvsagt at bondelaget deltek på slike arenaer.

Særleg har me vore i kontakt med våre politikarar i forbindelse med peldsyrforbodet, men me har og vore i kontakt i forbindelse med gjerding langs jernbane og andre aktuelle sakar.

*Marit Epletveit og Margret Hagerup, stortingsrepresentant for Høgre i fjøset.*

*Næringssjefen i fylkeskommunen lærar om jordbruk. Her hjå Olav Røysland.*

# Tørkeåret 2018

Året 2018 går inn i historia som den store tørkesommaren.

Mange bønder fekk ein dårleg første- og andre- slått med gras. Kulturbeita i stort sett heile fylket gav liten avling. Tørkesommaren blei vanskeleg for mange bønder. I tillegg var reservelageret med grovfôr var lite etter ein våt 2017. Det var viktig å kunne sikre seg nok og rett fôr for vinteren. Rogaland Bondelag inviterte til 3 medlemsmøte/opne møte i samarbeid med Nortura, Tine, Felleskjøpet RA og Norsk Landbruksrådgjeving for å kunne gje fagleg innputt på korleis ein kan fôre med ulike fôrtypar gjennom vinteren. Det var god tilslutnad på møta.

I jordbruksforhandlingane er det avsett midlar for avlingsskade. Avlingsskadeerstatning er ikkje ein inntektsgaranti, men midlar for å avlaste den største økonomiske risikoen. Årets avlingssvikt var så alvorleg at det var behov for meir pengar inn i systemet, og at ordninga måtte utvidast for året 2018.

Norges Bondelag og Småbrukarlaget (faglaga) gjekk inn i tilleggsforhandlingar med staten for ein ekstra krisepakke til landbruket. Faglaga kravde individuell behandling av bønder som hadde stor svikt i avling. Det var og krav om at innmarksbeite skulle inn i ordninga for avlingssvikt. Begge desse krava avviste staten.

Faglaga og staten blei samde om ei krisepakke, pakka gjekk ut på eit ekstra husdyrtilskot, auka arealstøtte innan grønsaksproduksjon og hevjing av toppgrense for avlingsskadetilskot for kvart føretak.

I vårt fylke var det dei tre sørlegaste kommunane som fekk ta del i krisepakka, Lund, Egersund og Sokndal, i tillegg kom kommunar som ligg i arealsone 3, Bjerkreim, Gjesdal og Strand inn i ordninga.

Auka erstatningssats for grovfôr, som gjeld for heile landet, blei hevja frå kr. 3,85 til 5,40 / FEM. Resultatet i tilleggsforhandlingane gjeld kun for 2018.

# Mattilsynets tilsynsprosjekt på slaktegris

Mattilsynet i Region Sør og Vest opplevde høsten 2016 en sterk økning i antall interne meldinger fra ansatte i kjøttkontrollene ved slakteriene i Rogaland. De gjorde funn på dyra som kunne tyde på dårlige oppstallingsforhold i besetningene grisene kom fra.

På bakgrunn av dette gjennomførte Mattilsynet en rekke uvarslede tilsyn med slaktegris. Mattilsynet gikk ut på forhånd med melding om forsterka tilsyn på slaktegris.

**Dette er de viktigste funnene**

- Det ble ført tilsyn med 228 av totalt 581 besetninger med slaktegris. Årsaken til at Mattilsynet ikke rakk over alle, er i hovedsak mange og alvorlige funn med mye oppfølging.
- Det ble funnet ett eller flere avvik i 166 av disse besetningene.
- De fleste avvikene gjaldt syke og skadde dyr eller mangel på rotemateriale:
  - 97 besetninger fikk hastevedtak for dårlig oppfølging av syke og skadde dyr
  - I 72 besetninger ga Mattilsynet enten varsel om vedtak eller gjorde endelige vedtak om manglende rotemateriale.
  - Antall besetninger uten avvik var 53.

Mattilsynet konkluderte med at slaktegrisen i Rogaland ikke har god nok dyrevelferd.

**Noen forhold har bedret seg underveis i prosjektet**

Når resultatene for 2018 sammenlignes med 2017, er det en positiv utvikling når det gjelder å ivareta syke og skadde dyr. Antall besetninger som får hastevedtak for håndtering av syke og skadde dyr har sunket fra 50 % til 29 %.

Rogaland Bondelag ønsker god dyrevelferd i all norsk matproduksjon og håper på den fortsatt positiv utvikling hos slaktegris. Under slaktegriskampanjen mottok Rogaland Bondelag flere henvendelser fra bønder som opplyste om dårlig kommunikasjon og kjemi mellom den som førte tilsyn og bøndene som fikk tilsyn. Dette fulgte Rogaland Bondelag opp med flere møter mellom Mattilsyn og bønder.

Din advokatkontakt i Nord-Rogaland

ADVOKATENE

VIKSE, HAUGLAND, BERGE OG BACHMANN

MEDLEMMER AV DEN NORSKE ADVOKATFORENING - KONTORFELLESSKAP

Sørhauggt. 77, (Markedet 5. etg.) Boks 10, 5501 Haugesund

www.advokateneimarkedet.no - Telefax: 52 70 87 66

Landbruksjus, (fast eiendoms rettsforhold, odelsrett, konsesjonslov, tomtefeste, ekspropriasjons- og bygningsrett, m.m.), arve- og skifterett, erstatnings- og forsikringsrett, gjeldsforhandlinger og alminnelig praksis.

Advokat Bjørn O. Vikse
Tlf.: 52 70 87 50
Mobil: 950 42 999
vikse@advokateneimarkedet.no

Advokat Jens Otto Haugland
Møterett for Høyesterett
Tlf.: 52 70 87 55
Mobil: 901 24 723
haugland@advokateneimarkedet.no

Advokat Ole Johan Berge
Tlf.: 52 70 87 60
Mobil: 917 96 357
berge@advokateneimarkedet.no

Advokat Trond Jarle Bachmann
Tlf.: 52 70 87 57
Mobil: 916 77 877
bachmann@advokateneimarkedet.no

NORGES BONDELAG

# PRISEKSEMPEL: BONDE 33 ÅR

## Bondelagets kollektive personforsikringer

1. Bondelagets Uføreforsikring
2. Bondelagets Helseforsikring med behandlingsgaranti
3. Bondelagets Livsforsikring
4. Bondelagets Ulykkesforsikring
5. Bondelagets Kritisk sykdom-forsikring

**Totalpris: Kr. 278,- per mnd.**

Gry-Heidi Ruud-Wethal har Bondelagets nye kollektive personforsikringer:

**- Som ung bonde med nyinvesteringer er man sårbar økonomisk om sykdom eller en ulykke skulle ramme. Dessuten er forsikring litt komplisert. Bondelagets forsikringer for liv og helse, med rådgiving tilpasset bonden, gjør meg trygg på at jeg er riktig forsikret. Det gir meg økonomisk trygghet i hverdagen.**

Se www.bondelagsforsikring.no for mer informasjon eller kontakt Bondelagets Personforsikringskontor på tlf. 22 05 46 00.

lasett

# Haver Advokatfirma AS

Haver har gjennom en årrekke vært den mest sentrale juridiske rådgiver for landbruksnæringen i jærregionen med kontorer på Bryne og i Stavanger. Våre advokater har bred erfaring og inngående kjennskap til landbruksnæringen, og bistår både gårdbrukere, næringsmiddelindustrien, landbrukssamvirker samt bedrifter som leverer til landbruket.

Vi har omfattende erfaring knyttet til generasjonsskifter i landbruket, odelsrett, grunnerverv, ekspropriasjonssaker, skjønn, jordskifte og enkelt-tvister for landbruksklienter.

Ta kontakt med Endre Skjørestad (e.skjorestad@haver.no) eller Sindre Oftedal (s.oftedal@haver.no) så er du på den sikre siden.

**haver.no – Forus: 51 55 44 10 – Bryne: 51 77 00 50**

haver




Ring oss på **915 03100,** så hjelper vi deg

## Har du benyttet deg av medlemsfordelene dine?

**Som medlem av Norges Bondelag kan du få store fordeler hos oss:**

- 20 prosent rabatt på private forsikringer
- inntil 29 prosent rabatt på driftsforsikringer, ytterligere 16 prosent rabatt ved god risikoscore
- ekstra rabatt på bilforsikring for ungdom

**Kontakt oss på telefon 915 03100 eller les mer på gjensidige.no/landbruk**

Gjensidige

# VIERDAL ADVOKATFIRMA

**Samarbeidsadvokat for Norges Bondelag siden 1985**

Stavanger Haugesund

e-post: kontoret@vierdal.no / tlf.: 906 54 444

www.vierdal.no

TINE ®

Kva betyr samvirke for deg?

eigar
tryggleik
moderne
sosialt
fellesskap
langsiktig
merkevarer
etterbetaling
rettferdig
rådgjeving
demokrati
verdikjedemakt



Nå har vi samlet alt på ett sted!




BANK FOND FORSIKRING

Vi satser videre for å tilby landbruket de beste produktene innen bank, fond og forsikring! Med Landkreditt Forsikring på laget kan vi tilby våre landbrukskunder et bredt spekter produkter, gode priser og høy kompetanse på landbruk.

Les mer på **Landkreditt.no** eller snakk med oss på 23 00 08 00.

Landkreditt
Bank | Fond | Forsikring

# Jo mere vi er sammen!

Alle husdyrprodusenter er små aktører i det store markedet. Men alle er sterkere når vi opptrer sammen.

Nortura er det eneste landsomfattende slakteriet i Norge som eies av medlemmene. Vi er bøndenes egen bedrift. Vårt formål er å sikre avsetning av norsk kjøtt og egg og skape verdier for eierne.

**Se medlem.nortura.no**

Nortura

## RETT FORSIKRET MEDLEM – TIL RETT PRIS

Mange medlemmer opplever forsikring av liv og helse som dyrt og komplisert. Derfor har Norges Bondelag etablert flere kollektive personforsikringer.

Det er også etablert egen konstnadsfri forsikringsrådgivning, der du som medlem kan kjøpe forsikringer for liv og helse.

Ta gjerne kontakt på telefon 22 05 46 00 eller e-post: post@bondelagsforsikring.no eller les mer på www.bondelagsforsikring.no

Bondelagets kollektive personforsikringer er levert i samarbeid med Landkreditt Forsikring AS.

NORGES BONDELAG

Bjørn Gimming , nestleder i Norges Bondelag

**- Bønder har ikke samme trygderettigheter som lønnstakere. Derfor er det viktig å ha rett forsikringsdekning for liv og helse. Med Bondelagets kollektive personforsikringer blir også prisen gunstig. Selv sparte jeg 15 000 kr. på å skifte over.**

# Agronomutdanning på kveldstid på Jæren og i Dalane

**Øksnevad:**

- Gardsdrift
- Utmark og kulturlandskap
- Traktor og maskinar
- Økonomi og driftsleiing

**Helleland:**

- Plante- og husdyrfag

Søknadsskjema og meir info på vår heimeside

www.vlj.no

Vinterlandbruksskulen på Jæren

# Unngå brann på gården din

Ring oss på **915 03100,** så hjelper vi deg

De fleste landbruksbranner skyldes feil på elektrisk anlegg og utstyr. Å gjennomføre en el-kontroll er derfor noe av det viktigste du kan gjøre for å sikre gården din mot brann.

**El-kontroll med termografering gir deg:**

- en tryggere hverdag
- rabatt på brannpremien på forsikringene dine
- grunnlag for god risikoscore og topprabatt på forsikringene

**Kontakt oss på telefon 915 03100 eller les mer på gjensidige.no/landbruk**

Gjensidige

A13_0483/10.2017

# Høyring - forslag til lov om forbod mot hald av pelsdyr

Rogaland Bondelag sin utale:

Stortinget vedtok i januar 2017 saka om berekraftig pelsdyrproduksjon i Norge. Dette vedtaket i Stortinget kom som resultat på ein omfattande prosess, med ei stortingsmelding og med påfølgande høyringsrunde.

Det er lite tillitsvekkande at det blir innført næringsforbod for ei hel næring i regjeringsforhandlingar, utan at næringa blir kjent med dette før endeleg regjeringsplattform er utforma. Dette er ein arbeidsform som Rogaland Bondelag tar avstand frå.

Norsk pelsdyrhald er i verdsklasse innan dyrevelferd. Det blir konstatert i Stortingsmeldinga som var grunnlag for vedtak om berekraftig hald av pelsdyr.

Pelsdyr er halde i bur i mange generasjonar med avl som tilpasse denne produksjonsforma, pelsdyra er tilpassa eit liv i fangenskap.

Rogaland Bondelag vil påpeike at pels er eit naturprodukt som går inn i naturen si næringskjede. I motsetning til klede med kunstig stoff, og som er med å skape ubalanse i næringskjeda.

Stortinget bør avvise regjeringa sitt forslag om avvikling av norsk pelsdyrproduksjon.

Dersom Stortinget innføre næringsforbod må dei som har lovlege næringsverksemder få økonomisk kompensasjon / erstatning som står i forhold til investering og ei gjennomsnittleg inntening i verksemda.

Dersom Stortinget innføre næringsforbod, forbod mot hald av pelsdyr må følgjande vilkår bli oppfølgde:

- Kvar enkelt pelsdyranlegg må få individuell behandling.
- Det må gis økonomisk erstatning/ kompensasjon som gjer at pelsdyrhaldarane kjem skadeløyst ut av det.
- Det må gis økonomisk erstatning for tap av inntekt.
- Der det er mogleg for omstilling må det gis økonomisk støtte til omlegging for ny næringsverksemd.
- Næringskjeda gjer stor verdiskaping, innan sysselsetting og avkastning i bedrifter. Slike forhold må og koma inn under økonomisk kompensasjon/ erstatning.

# Høyringssvar Jordvernstrategi for matfylket Rogaland

Rogaland Bondelag er positive til ein jordvernstrategi som følger opp Stortingets jordvernmål. Som det største jordbruksfylket, og største nedbyggingsfylket i landet er det rett og naturlig at me arbeider for å styrke jordvernet. Fylkeskommunen og fylkesmannen, som har teke initiativ til strategien sett fokus på eit viktig felt.

Det nasjonale jordvernmålet er satt til 4000 dekar. Rogaland, med om lag 10% av jordbruksareala, har ei tilsvarande mengde av jordvernmålet, altså 400 daa jordbruksareal. Jordbruksareal er ein ikkje-fornybar ressurs, og Rogaland Bondelag ynskjer i utgangspunktet ein null-visjon for nedbygging av jordbruksjord.

Jordvernstrategien inkluderer i omgrepet «jordbruksareal» fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite. For beitefylket Rogaland har beiteressursane ein avgjerande rolle.

Det er svært viktig for jordbruket i Rogaland at jordvernmålet eksplisitt inkluderer disse arealformane slik det gjer i høyringsutkastet. Me ynskjer òg at dyrkbar jord også inkluderast eksplisitt i jordvernmålet.

Intensjonen til Stortingets vedtak er at jordvernmålet skal nås innan 2020. Jordvernstrategien til Rogaland har satt som mål å nå målet innan 2022. Rogaland Bondelag meiner at vårt fylke bør ha same frist som Stortingets jordvernmål, og dermed framskynde fristen for å nå målet til 2020. Me er einige om at alle kommunar må ha satt eit eige jordvernmål i kommuneplanane, men me etterlyser verktøy til å handheve måla.

I strategidelen del 2.1 og 2.2 er det lagt opp til fortetting av byområda og tettstadane, og spesielt rundt kollektivknutepunkt og kollektivaksar. Me er einige i at det er eit viktig tiltak for jordvernet, men me er bekymra for at det ikkje er langsiktig nok. Når disse sentra når sin maksimale kapasitet vil det oppstå eit stort press på jordbruksareala som tilstøytar disse områda. Det bør vere eit mål innan dei langsiktige planane at me får retta utvikling også mot lite produktive og lite konfliktfylte areal, slik at framtidas byer ikkje byggast på jordbruksareal.

I tillegg er det heilt avgjerande at samferdselsprosjekt også er omfatta av jordvernmålet. Ved store utbyggingsprosjekt, som Ny E39, vil store mengder jord bli omdisponert. Me støtter eit forbod mot omdisponering av jordbruksareal til parkeringsplassar, og me ynskjer eit generelt forbod mot omdisponering av jordbruksareal til bustad- og næringsbygg.

Rogaland Bondelag ynskjer at Rogaland skal vere eit pilotfylke for eit kombinert jordvern- og nydyrkingsfond, jf. Jordvernforeninga i Rogalands forslag. På den måten gjer me jordbruksareala mindre attraktive og kostnadseffektive til utbygging samanlikna med andre areal, samt gjer det enklare å dyrke opp ny jord som avbøtande tiltak.

# Høyring om planprogram for oppdatering av Regionalplan for Jæren

Rogaland er landets største jordbruksfylke, med 10% av landets jordbruksareal. Samstundes er Rogaland landets største nedbyggar av jordbruksareal, med 17% av den samla nedbygginga i landet. I perioden 2004-2015 ble det byggja ned 17 000 daa jord i Rogaland, som utgjorde 1,6% av den samla jordbruksarealet som var tilgjengeleg i perioden, rapporterer SSB i 2017. Heile 68% av jorda som ble nedbygd lå innan 1 km frå eit tettstad, og tyngda av denne nedbygginga var, og er, på Jæren. Her ligg òg jord som er blant den beste jorda i landet– like over 50% av den nedbygde jorda er definert som «svært god» og nesten 40% av jorda som «god».

Kvaliteten på jorda på Jæren er blant landets beste og ligg i den beste klimasona. Denne ressursen er ikkje fornybar, i følgje NIBIO. Sjølv om det har vore nydyrking i fylket, kan ikkje nydyrking dekke opp for tap av jordbruksareal i lengda. Nydyrka jord har heller ikkje den same kvaliteten som jord som har vært nytta i århundrer.

Stortinget har vedtatt eit nasjonalt mål om jordvern, der maksimalt 4000 daa skal byggast ned innan 2020. I tillegg har Stortinget vedtatt at matproduksjonen skal aukast i Noreg. Rogaland, og derav fylkets største jordbruksområde – Jæren, er heilt avgjerande for å nå desse måla.

Rogaland Bondelag og Rogaland Bonde- og Småbrukarlag ser positivt på at forslaget til planprogram vektlegg jordvern og fortetting av by- og tettstedsområder.

**By- og tettstadsutvikling mot 2050 og vidare**

Nullvekstmålet, god byutvikling og jordvern heng saman. Befolkninga i Rogaland, og landet forøvrig er forventa å vekse, om enn i eit lågare tempo enn tidlegare. Også i framtida vil me trenge nye bustadar, nye arbeidsplassar og me vil trenge meir mat. Me er avhengig av ein utvikling som tilfredsstillar våre framtidige behov.

Korleis ein legg opp byutviklinga på Jæren er avgjerande for å nå og så helde på Stortingets jordvernmål. Hovudutfordringa for jordvernet er at det er billigare å bygge spreidd og på flat, opparbeida jord enn å transformere allereie bygde areal eller udyrka, steinete areal. Å leggje til rette for god by- og tettstadsutvikling med fokus på gode urbane kvalitetar og styrka kollektiv dekning bidreg med jordvern som ein bi-effekt, så lengje det auke fortettinga.

Regionplanen må bidra til at det skal vere lettare og billegare å transformere eksisterande bygde areal enn å byggje på dyrka mark. Det må bli enklare å byggje i høgda, og fortette eksisterande byområde på andre måtar.

Planen har 2050 som sin horisont. Men vala me tar i dag legg føringar for korleis framtidas busetjingsmønster ser ut. Dagens byer ligg stort sett der maten produserast frå gamalt av – for det var fornuftig før me fekk dagens transportmiddel. Jærbanen, ein av Rogalands viktigaste enkeltsamferdselsprosjekt, har forma Jæren i over hundre år, og vil framleis påverke korleis regionen ser ut i framtida. Når me planlegg framtidas samferdselstiltak må planane leggje til rette for at alle nye tettstadområde i framtida leggjast på udyrkbare areal.

Følgande må vere grunnlag for ein oppdatering av regionplanen:

Å ivareta langsiktig grense for landbruk er eit absolutt minstemål.

Styrka handheving av regionalplanens langsiktige grense for jordbruk må inn i planen.

Stortingets jordvernmål må tas inn i planen, og måltalet må minimum vere tilsvarande planområdets del av landets matjord.

Det må ikkje skiljast mellom dyrka og dyrkbar jord.

Jorda på Jæren er blant landets beste, og kan ikkje samanliknast med for eksempel nydyrka mark i andre distrikt. Me oppfordrar til at planen vektlegg Jærjordas gode kvalitetar, og vekter matjorda her tyngre i nøkkelen.

Hovudregelen bør vere transformering og fortetting framfor å ta i bruk nye areal.

Målet må vere at alle nye bustadfelt, næringsparkar og liknande leggjast der det ikkje kan produserast mat.

Rogaland Bondelag og Rogaland Bonde- og Småbrukarlag ser fram til et godt samarbeid i utarbeidinga av Regionalplan for Jæren.

*Bybonden Kalle Nilsen - i skjæringspunktet mellom by og land.*

# Organisasjonssaker

Arbeidsplan for Rogaland Bondelag 2018– 2019 ..... 25
Distriktsmøter vinter ..... 26
Årsmøter i lokallaga ..... 27
Ledermøte ..... 27
Unge bønder-kurs ..... 28
Organisasjonskurs ..... 28
Aktive lokallagsmidler ..... 28
Infoutvalet ..... 28
Jordvernutvalet ..... 29
Verveutvalet ..... 29

# Arbeidsplan for Rogaland Bondelag 2018– 2019

**Arbeidsplanen byggjer på strategiplanen til Rogaland Bondelag og er grunnfesta i visjonen:**

***Eit levande landbruk***

**Arbeidsområda styret i Rogaland Bondelag vil prioritera:**

*Rammevilkåra for landbruket, styrka inntektsutviklinga og sikra rekruttering til næringa*

- Delta i samarbeid med faglaga på utvikling og tilrettelegging med kompetanseheving for heile landbruket.
- Engasjera lokallaga og oppmoda til å gi uttale på saker som påverkar bondens inntekt og drift.
- Oppfølging av regionalplan for landbruk i Rogaland.
- Arbeida aktivt med: revidering av gjødselforskriftene, spreiearealkravet og oppfølging av vassdirektivet i fylket.
- Ha møte med representantane i Rogalandsbenken, sentrale fylkespolitikarar og andre beslutningstakarar
- Bistå bonden i tilsynssaker og sikre bonden sin rettstryggleik.

*Praktisk HMS-arbeid på garden*

- Oppmoda lokallaga til kurset «Tryggare saman».

*Areal og ressursforvalting*

- Arbeida for nullvisjon for tap av matjord og beite og at jord ikkje går ut av produksjon.
- Ansvarleggjera politikarane og bidra til å setja jordvern i fokus.
- Tilby kompetanse til lokallaga innan kommunalt planarbeid.
- Dyrka jord og beite vert likestilla med naturmangfaldlova og lov om forminne.

*Delta i samfunnsdebatten – fylgje opp informasjonsstrategien*

- Vera synlege i viktige saker for bonden.
- Synleggjera bonden si verdiskaping og ringverknadene i verdikjeda ut frå rapport av NIBIO.
- Delta på møte i lokallag og ta aktuelle saker frå lokallaga opp for vidare behandling i Norges bondelag og andre.
- Ha god kontakt med media og ha fokus på informasjonsarbeid.
  Vera raske med å kommentera aktuelle saker i media og vera på tilbodssida når media treng kommentarar.
- Delta aktivt på møte der rammevilkåra for landbruket blir drøfta.
- Få ut informasjon om fokuset på «Det grøne skiftet» og arbeidet med bioøkonomi.
- Utarbeida nytt stoff på heimesida til Rogaland Bondelag kvar veke.
- Vera synlege i sosiale media.

**Andre tiltak som er knytta til måla i strategiplanen**

*Medlemmer*

- Ta vare på medlemmar ein alt har og ha fokus på verving av bønder med produksjon.
- Marknadsføra «Unge bønder»-pakken og følgja desse spesielt opp.
- Arbeida for å få fleire kvinner som aktive medlemar og som tillitsvalde i organisasjonen.
- Vera synlege og aktive.

*Lokallaga*

- Utarbeida eit eige kursopplegg for å organisasjonsarbeidet og auka aktiviteten i lokallaga. Tilby kurs til tillitsvalde
- Dela erfaringar og opplegg lokallaga kan nytta i møte med lokale politikarar og andre i nærmiljøet sitt. Oppmoda lokallaga til å pleia kontakten med lokalpolitikarar og næringsavdelingane/næringsforeningane i sine respektive kommunar.
- Oppfordra lokallaga til å bidra med stoff til fylkeslaget si heimeside.
- Oppfordra lokallaga til å vera aktive på sosiale media.
- Oppfordra til samarbeid mellom lokallag.
- Styret skal i løpet av arbeidsåret ha to kontaktrundar med leiarane i lokallaga og vera bevisste på lokallaga sine ynskjer og utfordringar og ta innspel opp som saker på styremøte.

- Oppmoda lokallaga til å støtta opp om Bygdeungdomslaget.
- Hjelpa lokallaga til å gjennomføra Open Gard og arbeida for at det vert slike arrangement fordelt over heile fylket.
- Innspel frå årsmøta til lokallaga skal gås gjennom på styremøte for å få innsikt i og oversikt over kva lokallaga er opptekne av slik at dette kan inkluderast i det vidare arbeidet.

*Næringspolitikk*
- Ha eit aktivt engasjement i næringspolitiske saker opp mot Norges Bondelag
- Følgja opp saker som kjem frå enkeltmedlemmer og lokallag.
- Delta på ulike næringskonferansar i fylket.

*Nettverksbygging*
- Oppretthalda kontakten med hjelpeprosjektet i Sambolabo i Kamerun.
- Gjennomføra kurs for kokkeelevar på vidaregåande skule i fylket.
- Delta på Gladmatfestivalen, gjerne saman med andre landbruksorganisasjonar.

*Nye satsingsområde – landbruksbasert næringsutvikling*
- Arbeida vidare med tilleggsnæringar og annan landbruksbasert næringsutvikling.
- Støtta opp om Bondens Marked Rogaland.
- Følgje opp Miljø- og klimatiltak på gardsnivå.

*Arealforvaltning*
- Oppfordra og hjelpa lokallaga til engasjement i plan- og reguleringssaker på kommunenivå.
- Bistå lokallaga i ulike vernesaker som kjem opp til behandling.
- Vera synleg og tydeleg i saker som angår landbruket
- Fronta jordvern i viktige prosjekt, som E39.

*Samarbeidet mellom styret og administrasjonen*
- Gjennomføra evaluering av arbeidsmåten og arbeidssituasjonen i styret.
- Gi tid under styremøta til næringspolitiske diskusjonar og innspel på saker det bør arbeidast vidare med.
- Gjennomføra styresamling med dei tilsette.

# Distriktsmøter vinter

Det ble heldt distriktsmøter i Aksdal og Gjesdal den 24. og 25. januar. Om lag hundre tillitsvalte deltok på møta.

På vintermøta er det politikk som står på agendaen. Med oss på møta hadde me Frøydis Haugen, nestleiar i Noregs Bondelag. Ho heldt innlegg om jordbruksforhandlingane i 2018 og utfordringane næringa står overfor i det kommande året. Korleis løyser me overproduksjon av lam, manglande marknadsbalanse i svin og ein ammekuproduksjon som veks samtidig som mjølkeproduksjonen må ned som følgje av utfasing av eksportstøtta til Jarlsberg? Diskusjonen var frisk, der alle synspunkta kom til ordet- om for eksempel endra prisløype på lam, endring av arealtilskot, tak på tilskot på dyr og/eller areal, med meir. Alle var einige om at målet må vere marknadsbalanse i alle produksjonane som me har i Noreg, og at me skal levere norske produkt til forbrukaren. Klarar me ikkje det, blir forsøk på løysingar og import tredd ned over oss.

Det vart og tid til innlegg frå Kristin Haanshuus frå 4H, om prosjektet «4H-gard». I dag er det 50 4H-gardar i Noreg, men berre ein av desse er i Rogaland. 4H ynskja å få på plass minst to nye 4H-gardar i Rogaland i løpet av 2018.

*Frøydis Haugen, nestleiar i Noregs Bondelag held innlegg om dei komande jordbruksforhandlingane.*

*Forsamlinga på Lura Turistheim.*

# Årsmøter i lokallaga

Dei aller fleste lokallaga hadde sine årsmøte før 1. november, som fastsett i vedtektene for Norges Bondelag.

Styremedlemmar i Rogaland Bondelag, samt dei tilsette deltok i dei fleste årsmøta. Det gjer god kontakt med organisasjonen og dei viktige sakane når me får treffa medlemmar og tillitsvalde i lokallaga. Det er viktig for fylkeslaget å få tilbakemelding på saker som ein bør vera opptekne av og ein får eit innblikk i mange store og viktige aktivitetar som lokallaga utføre.

Lokallaga tok opp mange sakar – som gjerding langs jernbane, ny E39 og andre samferdselsprosjekt, jordvern, plastinnsamling, Mattilsynet, eigarskap til dyrevelferd, marknadssituasjonen i svinenæringa, samarbeid med landbrukskontor, Open Gard, gjødselvareforskrifta, blant nokon. Sakane er mange og varierte.

Aktivitetane i lokallaga variere, nokre lag er aktive innan politisk arbeid og betring av ramevilkår, andre lag ser sin funksjon som ein sosial møteplass for medlemmane. Lokallaga legg opp sitt arbeid ut frå sine ressursar og alle lag er viktige for lokalmiljøet. Stemninga på årsmøta var god, gode diskusjonar godt humør og godt samhald. Fleire lokallag har utfordring med å få tak i ny lokallagsleiar der det er nyval på leiar, og i andre lokallag er det verre å få tak i valnemnd enn styremedlemmar. Det er viktig for lokale valnemnder å få starta tidlig med sitt arbeid.

*Eit feststemt Time Bondelag på Undheim samfunnshus. Leiar Jone Fosse i midten, fremst. Foto: Bondevennen*

Vi har 41 lokallag i fylket, 12 lokallag fekk ny leiar. Om kvart styre har 5 medlemmar, + andre utval i lokallaga, då har vi over 200 tillitsvalde for bondelaget i fylket.

For ein ressurs!

# Ledermøte

Leiarmøte 2018 ble arrangert på Landbrukets hus i Oslo. 43 lokallagsleiarar og gjester tok turen. På agendaen hadde vi å hauste av den kompetansen som finnes på Landbrukets hus, og besøke Stortinget. Møtet er en viktig møteplass for lokallagsleiarane og tillitsvalte i Rogalandslandbruket, kor man kan bli kjent, få diskutert politiske saker og få fagleg påfyll.

Leder for Rogaland Bondelag Marit Epletveit starta møte med å ønske velkommen.

